

# Årsmelding for Estlandskomiteen 2022

I 2022 var me endeleg attende på sporet etter to års meir eller mindre pause på grunn av pandemien.

Planlegginga og gjennomføring av sommarleiren for ungdommar i Sangaste har vore hovudsaka for komiteen i år. Me har hatt to møte i AU-utvalet og seks ordinære komitémøte.

Komiteen har hatt god kontakt med venene våre i Sangaste dette året, både for å få informasjon om tilhøva i kyrkjelyden og for å planleggja besøk til Bømlo og sommarleiren i juli. Me fekk høyra at det var stort hjelpebehov på grunn av etterverknader etter pandemien, og komiteen vedtok på januarmøtet å sende 12.000 kroner til Sangaste for å avhjelpa.

25.-27. mars 2022 var det tid for Estlandsbesøk. Tanel Meiel, Karl Georg Luther, Simona Lass og Karolina Abram kom til Bømlo, der det var lagt opp til eit omfattande program for dei fire i tillegg til sommarleirplanlegging. Dei fekk også møte dei fire ungdommane frå Moster som skulle vera med på sommarleiren i Sangaste. Dei hadde base hos Aksel Lygre, der fredagskvelden og laurdag føremiddag vart nytta til å bli kjende og til leirplanlegging. Så var det omvising i Moster Amfi, med Moster gamle kyrkje og den historiske utstillinga (Turid Anglevik), før turen gjekk til Gilje bedehus om kvelden. Søndagen var det tett program, med gudsteneste i Bremnes kyrkje der dei estiske gjestene mellom anna deltok med tekstlesing. Så gjekk turen vidare til Bømlo, der me fekk ei særslig interessant omvising hos Eidesvik (adm.dir. Gitte Talmo), omvising i Bømlo gamle kyrkje (Trygve Totland) og deretter å middag saman i Langevåg bygdetun. Om kvelden var det songkveld i Moster kyrkje, før turen gjekk tilbake til Estland tidleg måndag morgen.

Det knytte seg ei viss uro for sommarleiren, både på grunn av pandemien og på grunn av krigen i Ukraina. Men leiren vart gjennomført med suksess. Aksel Lygre og Lillian Jensrud reiste til Sangaste saman med fire ungdommar frå Moster: Henriette Gjerde, Kasper Alvsvåg, Truls Mikal Almo og Leonora Fauskanger. Det vart laga T-skjorter til deltakarane på leiren, som vart sponsa av firma på Bømlo, og det vart også delt ut biblar til deltakarane. Biblane vart gitt i gave frå Simon Eidesviks Minnefond. I tillegg til estiske og norske ungdommar, deltok også ukrainske flyktningar på leiren.

Estarane har ytra ynskje om at fleire norske ungdommar blir med på leiren neste år, for å få ein jamnare balanse, men det vil vera avhengig av økonomien i komiteen kor mange som kan reise. Det er eit klart ynskje frå dei at sommarleiren skal prioriterast i høve til andre ting.

I mange år har ofringa i kyrkjene våre på julafestenestene gått til Estlandskomiteen, og har mellom anna vore med og finansiert sommarleiren. Som me veit har det ikkje vore gudstenester julafstan dei to siste åra, og det har difor kome inn langt mindre enn «normalt». I 2022 var det igjen klart for gudstenester julafstan, der offeret gjekk til arbeidet i venskapskyrkjelyden i Sangaste.

Av andre saker komiteen har jobba med er framleis å finna ei god form for å bruke Facebooksida vår, å finna gode informasjonskanalar ut til bømlingane, til dømes å invitera oss ut til sokneråda for å informera om arbeidet vårt.

Planlegginga av neste års besøk frå Estland og nest sommarleir er så smått i gang. Me vil til slutt takka for alle gåver og all støtte me har fått, og til dei som tok i mot komiteen sine gjester på ein framifrå måte då dei gjesta oss i mars.

I Estlandskomiteen dette året har desse vore med: Aksel Lygre (leiar og representant for prestane), Gunnvald Bjotveit (nestleiar og repr. for Moster sokn), Olga Kårbø (kasserar og repr for Bømlo), Anne Margrethe Eidesvik (Bømlo), Lillian Jensrud (Lykling), Margareth Urang (Bremnes) og Randi Olsen skrivar og Bremnes). Leiar, nestleiar og skrivar har fungert som AU-utval.

R.O. skrivar

## Annual report 2022 - Committee for Friendshipwork with Sangaste presentation

Finally, we are back to activity after more or less a close down for two years due to the pandemic situation.

Making plans for and implementation of the Summer Camp for the young people in Sangaste has been the main work for the committee this year. We have had two meetings in the executive committee and six general committee meetings.

The committee has had good contact with our friends in Sangaste this year, both in regards to getting information about their situation in their congregation, to plan for their visit to Bømlo as well as the Summer Camp in July. We got to hear that there was a great need for help due to the consequences of the pandemic, so the committee decided at the January meeting to forward NOK 12 000,- to help with their relief work.

March, 25<sup>th</sup> – 27<sup>th</sup> was the time for our Estonian friends to come for a visit. Tanel Meiel, Karl Georg Luther, Simona Lass and Karolina Abram came to Bømlo, where an extensive program for the four persons was prepared in addition to making plans for the Summer Camp. They also got to meet the four youth from Moster who were going to participate at the Summer Camp in Sangaste. The meeting place was at Aksel Lygre's house where Friday night and part of Saturday was used to get to know each other as well as making plans for the Camp. A guided tour of Moster Amfi, with Moster old church and the historical exhibition ( Turid Anglevik ) took place before the trip went to Gilje bedehus in the evening. On Sunday was a compact program, with worship service at Bremnes church where the Estonian visitors among other things read the texts from the Bible. The trip continued to Langevåg, where we got an exceptional interesting tour at Eidesvik ( CEO Gitte Talmo ), another guided tour at Bømlo old church ( Trygve Totland ) and lastly we had dinner at Langevåg bygdetun. In the evening there was a singing programme at Moster church, before they started their trip back to Estonia early Monday morning.

There was some tension in relation to the Summer Camp both because of the pandemic and because the war in Ukraine. The Camp, however, was implemented with success. Aksel Lygre and Lillian Jensrud travelled to Sangaste together with the four young people from Moster: Henriette Gjerde, Kasper Alvsvåg, Truls Mikal Almo and Leonora Fauskanger. T-shirts were made for the participants of the Camp, sponsored by companies at Bømlo, and Bibles were also distributed among the participants. The Bibles was a gift from Simon Eidesvik's Memorial Fund. In addition to Estonian and Norwegian youth,?` Ukrainian refugees participated at the Camp.

The Estonians have expressed a desire for a few more Norwegian youth to come to the Camp next year, to get a better balance, but that depends on the committee's financial

strength how many we can send. It is a strong desire for them that the Summer Camp shall have a top priority compared with other activities.

For several years the offering in our churches on Christmas eve has been given to the committee and among other things has financed a big part of the Summer Camp. As we know there has been no Christmas eve services the last two years, and thus the main income source has been a lot less than "normal". In 2022, however, there was again arranged for Christmas eve services, where the offering went to the friendshipwork at Sangaste congregation.

Among other issues the committee has worked with is still to find a good way to use our Facebook page, to find good information channels to reach our people in Bømlo, for instance to invite us to the different church committees to give information about our work.

The plans for the next year's visit from Estonia and the next Summer Camp has gradually started. Lastly, we express our thanks for all the gifts and support we have received, as well as to those who opened their homes for the committee's guests in a wonderful way when they visited us in March.

In the Estonian committee this year these have been present: Aksel Lygre ( manager and representing person for the pastors ), Gunnvald Bjotveit ( deputy manager and repr. Moster parish ), Olga Kårbø ( cashier and repr. for Bømlo ), Anne Margrethe Eidesvik ( Bømlo ), Lillian Jensrud ( Lykling ), Margareth Urang ( Bremnes ) and Randi Olsen ( referent and Bremnes ). The manager, deputy manager and the referent have functioned as the executive committee.

R.O. referent

Translated into English by Anne Margrethe Eidesvik

## Budsjett Estlandskomité 2023

		BUDSJETT 2023	BUDSJETT 2022	REKNESKAP 2021
<b>Utgifter</b>		<b>137,50</b>	<b>111,50</b>	<b>140,0</b>
1000 Kontorrekvisita		0,2	0,2	0,0
1109 Anna kyrkjelydsarbeid		0,0	0,0	0,8
1302 Banktjeneste, gebyr mm		1,7	1,7	1,3
1401 Kunngjeringar, informasjonsstiltak og PR		0,0	0,0	0,7
1403 Representasjon, gaver		2,0	2,0	0,5
1501 Kurs- og rettleiingsmateriell		3,0	3,0	0,0
1505 Sommarleir i Estland		45,0	40,0	0,0
1550 Transportutgifter til/fra kurs		30,0	18,0	0,0
1606 Estlandskomiteen		6,0	6,0	0,0
1607 Estlands ungdomsrepr.		15,0	12,0	0,0
1608 Oppnåeldsutgifter Estlandskomiteen		2,5	2,5	0,0
1905 Anna leige		10,0	5,0	0,0
3800 Interne overføringer		0,0	0,0	0,0
4290 Mva komp.		0,0	0,0	0,4
4705 Sangasle kyrkjelydsarbeid		20,0	21,1	100,0
5500 Avsetning til bunde fond		2,1	0,0	36,3
<b>Inntekter (-)</b>		<b>-137,50</b>	<b>-111,50</b>	<b>-140,0</b>
6101 Eigenbetaling tur/weekend		-12,0	-6,0	0,0
6104 Eigenbetaling Estland		0,0	0,0	0,0
6109 Anna deltararbeidaling		0,0	0,0	0,0
7290 Mva komp.		0,0	0,0	-0,4
8050 Tilskot frå Dnk		-7,0	0,0	-20,0
8601 Offer		-78,0	-70,0	-28,0
8607 Private gaver		-20,0	-15,0	-66,6
8609 Andre gaver OVFe- tilskot		-20,0	-20,0	-25,0
9000 Renteinntekter		-0,5	-0,5	0,0
9300 Bruk av tidl.års rekn.messig overskot (Gåveeinntekter 2017)		0,0	0,0	0,0
9500 Bruk av bundne fond		0,0	0,0	0,0
SUM BRUK AV MIDLAR 1010-1599		137,5	111,5	140,0
SUM TILEIGNA MIDLAR 1600-1999		-137,5	-111,5	-140,0
TILEIGNA - BRUK AV MIDLAR		0,0	0,0	0,0
SUM DRIFTSUTGIFTER 1010-1499		137,5	111,5	103,7
SUM DRIFTSINNTEKTER 1600-1899		-137,0	-111,0	-140,0
DRIFTSBALANSE (Positivt tall = underskudd, Negativt tall = overskudd)		0,5	0,5	-36,3

## Rekneskap Estlandskomiteen 2022

Kont	Konto (T)	Rekneskap	pph. budsjett	totalt budsjett	Avvik
1100	Kontorrekvisita	0,00	200,00	200,00	200,00
1130	Bankteneste, gebyr m.m.	1 115,88	1 700,00	1 700,00	584,12
1140	Representasjon, gaver o.l.	0,00	2 000,00	2 000,00	2 000,00
1150	Kurs- og rettleiingsmateriell	0,00	3 000,00	3 000,00	3 000,00
1155	Transportutgifter til/fra kurs og le	39 764,00	40 000,00	40 000,00	236,00
1160	Estlandskomiteen	0,00	18 000,00	18 000,00	-2 000,00
1160	Estland ungdomsrepr.	8 000,00	6 000,00	6 000,00	-6 043,69
1160	Oppholdsutgifter	18 043,69	12 000,00	12 000,00	-6 043,69
1190	Anna leige	0,00	2 500,00	2 500,00	2 500,00
1470	Sangaste kyrkjelydsarbeid	64 136,29	21 100,00	21 100,00	-43 036,29
<b>Sum utgifter</b>		<b>131 059,86</b>	<b>111 500,00</b>	<b>111 500,00</b>	<b>-19 559,86</b>
1610	Eigenbet. tur/weekend	-11 000,00	-6 000,00	-6 000,00	5 000,00
1860	Offer	-70 308,00	-70 000,00	-70 000,00	308,00
1860	Private gaver	-13 889,00	-15 000,00	-15 000,00	-1 111,00
1860	Andre gaver	-24 584,60	-20 000,00	-20 000,00	4 584,60
1900	Renteinntekter	0,00	-500,00	-500,00	-500,00
1950	Bruk av bundne fond	-11 275,26	0,00	0,00	11 275,26
<b>Sum inntekter</b>		<b>-131 056,86</b>	<b>-111 500,00</b>	<b>-111 500,00</b>	<b>19 556,86</b>